



Humlepungane for full musikk, slik ein får oppleva dei laurdagskvelden (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er stor interesse for Kvinnhersmeisterskapet i ølbryggjing. Heile 13 har meldt frå om at ein vil vera med i tevlinga om det beste heimelaga juleølet

Det er ei lik fordeling på bryggjarlag og einskilde personar. Av andre gjester er og påmeldinga god.

Programmet er klart. Utflytt uskedeling, Svein Edvard (Sammy) Myklebust skal ha kåseriet.

Han er ølkjennar og har eigen blogg på tema. Tittelen hans er: Frå Jol til .no. Sammy vil ta eit streif på tvers av ølverda, slik han ser det, frå juleøl til glimt frå verdsveven.

Alt ligg vel til rettes for ein triveleg kveld i Dønhaugkjedlaren med betasuppe, mykje song og kulturelle innslag.

Dersom du framleis vurderer dette som eit godt alternativ til alt som skjer i førjulstida, så er det framleis plass. Tilskipar gjer merksam på at Uppskoka vert rekna som eit slutta lag. Difor ynskjer ein påmelding.

Frammøte på laurdag kl. 20
Alle må vera på plass seinast kl. 20.30

Humlepungen Bryggjarlag/Kvinnheringen